



Styreårsmelding 2012

Gudbrandsdalsmusea AS har som formål å drive museumsverksemd i samsvar med vedtekter og andre styringsdokument.

Selskapet sitt hovudkontor er i Sel kommune med avdelingar i kommunane Dovre (avd. 3b, 5b og 9), Lesja (avd. 3a), Vågå (avd. 4, 5c og 5d), Lom (avd. 2a, 2b og 10), Skjåk (avd. 5a), Sel (avd. 1b), Nord-Fron (avd. 1c og 7), Sør-Fron (avd. 1a, 1d, 5e, 8 og 11) og Ringebu (avd. 6).

Styret hadde i 2011 5 styremøte (2010: 7) og handsama 46 saker (35). Det var ordinær generalforsamling 13. juni og eigarmøte 3. november. Museet hadde i 2012 48 196 (39 989) registrerte besøk, ein auke på 20 %.

Driftsresultatet for 2012 var kr. - 95 396 (2011 736 401). Årsresultatet syner eit overskott på kr. 154 440 (963 221).

Bankinnskott var pr. 31.12.12 kr. 5 900 801 (6 887 933).

Selskapet har ein eigenkapital pr. 31.12.2012 på kr. 2 612 551 (2 458 111). Selskapet sitt overskott på kr. 154 440 foreslåast overført til annan eigenkapital.

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvist bilete av eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat for selskapet. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 stadfestar vi at forutsetninga for fortsatt drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Av fast tilsette pr. 31.12.2012 er det 8 menn og 4 kvinner (tilsv. i årsverk 4,9 menn og 3,5 kvinner). Det er ikkje sett i gang særskilte likestillingstiltak gjennom året.









Styret har 4 menn og 3 kvinner (tilsvarande personleg vara 5 og 2).

Vi har ein frammøteprosent på 93,25 % (96,1). Dette er i all hovudsak 2 på barsel/foreldre permisjon. Det har ikkje vore uhell med personskade i 2012. Arbeidsmiljøet er godt; det vart i 2012 gjennomført ein omfattande undersøking av arbeids-plassane til alle tilsette av fysio-terapeut ved Gudbrandsdal Bedriftshelsetjeneste. Selskapet vart i 2012 medlem i Gudbrandsdal Bedriftshelsetjeneste og IA-bedrift.

Styret kjenner ikkje til at selskapet forureinar det ytre miljø. Det er innført kjeldesortering der det er mogeleg, det er oppfordra til samkøyring til møte.

Dovre 26. april 2013

Styret for Gudbrandsdalsmusea AS

 Jan Reinert Rasmussen Styreleiar	 Berit E. Meinigen	 Torveig Dahl direktør/sekr. styret
 Ragnar Jacobsen	 Einar Høystad	 Bård Hanem
 Berit Forbord Moen		 Gunhild H Hansen